

Samandrag av høyringsuttaler, med kommentarar

Bjørn Tore Haugen, Nordfjordeid, 14.02.2008:

- 1) *Utbygging av fossar er ikkje vegen å gå, sidan urørt natur vert viktigare i framtida, saltkraftverk er meir framtidsretta i så måte*

Kommentar: Saltkraftverk er ikkje tema i denne planen. Tema for planen er tradisjonell vasskraftutbygging, i samsvar med oppstartvedtak i fylkesutvalet (sak nr. 0043/07). Kva vekt vi skal leggje på urørt natur og andre interesser vil ikkje bli teke stilling til i planprogrammet, men vert å vurdere i samband med utforming av retningslinjer (jamfør merknad 13).

Norsk grønnkraft AS, 18.02.2008:

- 2) *Ynskjer å delta i referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til

- 3) *Ser gjerne at fylkeskommune er representert på deira informasjonsmøte, i fylket, i løpet av våren*

Kommentar: Vil verte vurdert i samband med konkret førespurnad.

Luster energiverk AS, 25.02.2008:

- 4) *Vil vere med i referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til

Småkraftforreninga Sogn og Fjordane, 19.02.2008:

- 5) *Vil vere med i referansegruppa*

Kommentar: Teke omsyn til

BKK Nett AS, 11.03.2008:

- 6) *Deltok gjerne i vidare arbeid og referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til

- 7) *Viser til tekniske krav, ved tilknytning av kraftverk, og nettkapasitet, som avgjerande ved etablering av ny kraftproduksjon*

Kommentar: Det er, i fleire uttaler, teke til orde for at planen skal ha nettforsterking som eit eige tema. Situasjonen med tanke på nettkapasitet er eit av tilhøva som NVE omtaler ved handsaming av enkeltsaker. Vi vil difor ikkje gå inn på ei inngåande vurdering av dette tilhøvet. Eigarane av "regionalnett" vil bli oppmoda om å lage kvar sine notat om nettsituasjonen og planar for nettforsterking (for sine område av Sogn og Fjordane), som vert å legge ved planen.

- 8) *Har utarbeidd "Regional kraftsystemutredning for BKK-området og Indre Hardanger, 2007 – 2022", med omtale av tekniske krav, nettkapasitet og trong for netttiltak pga. nye kraftverk*

Kommentar: Teke til vitande

- 9) *Oppmodar fylkeskommunen om å vurdere om netttiltak, som er relevant for kraftverka, bør vere med i planen*

Kommentar: Sjå merknad nr. 7) og 1)

10) Peikar på at kostnaden for nettiltak, i samband med ny produksjon, vert boren av utbyggjar

Kommentar: Teke til vitande

Sogn og Fjordane bondelag, 14.03.2008:

11) I hovudsak samd med avgrensing av planområde, men ynskjer at verna vassdrag skal takast med i planen

Kommentar: Verna områda, inkludert verna vassdrag, vert ikkje teke med i planen, på anna vis enn at dei vert viste på kart. Dette mellom anna fordi kva tiltak som er lovleg i område som er verna/beskytta vil gå fram av føremål med vern og verte styrt av eigne forvaltningsregime og retningsliner.

NVE blir bedne om å lage ei omtale av formålet og reglane for sakshandsaming i verna vassdrag og kva for vassdrag det er vedteke differensiert-forvaltningsplanar. Det vil også vere aktuelt å referere til formål og forvaltningsreglar og -praksis i andre område som er verna.

12) Meiner at verna vassdrag bør vere eit eige tema i planen

Kommentar: Sjå merknad nr. 11)

13) Ynskjer retningsliner som er forstålege, for dei som skal bruke dei, har eit positivt fokus på mulegheiter, og peikar på konfliktdempande tiltak

Kommentar: Mange har ynskjer om kva innhald retningslinene (politisk del) skal ha. Dette er det for tidleg å seie noko om i planprogrammet, og det er heller ikkje aktuelt å seie noko om kva for tema det vil bli laga retningsliner for, til slutt. Det er fyrst naturleg å drøfte retningsliner etter at underlagsmaterialet er systematisert og presentert (faktadelen). Innspel som går på retningsliner vil då vere med i drøftingane.

Det vert likevel peika på at planen skal vere retningsgjevande og at det såleis ikkje er naturleg å take inn detaljerte reglar for handsaming av enkeltsaker, o.l., i retningslinene. Sakshandsaminga er også, i stor grad, styrt gjennom føringar frå statleg nivå, noko som tilseier at det har lite for seg å innarbeide detaljerte reglar om sakshandsaming i retningslinene. Planen bør likevel kunne brukast til å gje signal oppover i systemet, dersom det vert konkludert med at dagens handsamingsrutinar og prinsipp bør endrast.

14) Deltek i referansegruppe

Kommentar: Teke omsyn til

Vågsøy kommune, 14.03.2008:

15) Ynskjer oversiktlege delområde

Kommentar: Teke til vitande. Vi vil ikkje ta endeleg stilling til avgrensing av delområde i planprogrammet, men avvente til dess vi ser kva verdiar som vert avdekka i ulike delar av planområdet.

16) Har ikkje kunne framskaffa underlagsmateriale, innanfor den korte høyringsfristen, og signaliserer at fylkeskommunen lyt ta ansvar for å skaffe fram det som er ynskjeleg

Kommentar: Teke til vitande

17) Meiner at planen må vise potensiale for kraftutbygging i heile fylket og kor det er lagt restriksjonar/band som gjer utbygging uaktuelt

Kommentar: Det er kome innspel om å synleggjere potensialet for ny kraft i heile Sogn og Fjordane. Vi viser til den kartlegginga NVE har fått gjort, over mulege vasskraftprosjekt. Denne vil truleg bli presentert på kart i planen, sjølv om den har svakheit, som Småkraft AS har peika på i sin uttale (merknad nr. 53). NVE si kartlegging er den einaste ”fylkesdekkande” registreringa vi er kjend med, og vi har ikkje mulegheit til å lage ei eiga ny registrering, i samband med planarbeidet. Sjå elles merknad nr. 11).

18) Interessert i å delta i referansegruppe

Kommentar: Teke omsyn til

19) Ser for seg at kommunen får lage planer/retningsliner i delområde med kun lokal verdi (der det ikkje er nasjonale og regionale verdiar), med bakgrunn i at kommunane har best oversikt over dei lokale interessene

Kommentar: Ikkje teke stilling til i planprogrammet, men kan verte innarbeidd i planen, jamfør merknad nr. 13) og 15).

20) Framhevar at det må vere råd og kome med innspel også seinare i prosessen, og at opne møte for næringsliv, organisasjonar og privatpersonar, der det vert gjeve informasjon om planarbeidet, vil stimulere til innspel

Kommentar: Teke omsyn til

Hornindal kommune, 13.03.2008:

21) Viser til at planområdet også omfattar verna vassdrag

Kommentar: Sjå merknad nr. 11)

22) Har laga plan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget

Kommentar: Teke til vitande

23) Ynskjer å opne for vasskraftutbygging (< 1000 kW, installert effekt) i landbruksområda (sone 2 i nemnte plan)

Kommentar: Sjå merknad nr. 11)

24) Mange grunneigarar har meldt interesse for utbygging av vasskraft

Kommentar: Teke til vitande

25) Viktig at fylkesdelplan med tema knytt til vasskraftutbygging omtalar utbygging i verna vassdrag

Kommentar: Sjå merknad nr. 11)

Stryn Energi AS, 14.03.2008:

26) Peiker på at småkraftverk utgjer eit viktig ”klimatiltak” og at dei har ein viktig samfunnsverdi (lokalt, regionalt og nasjonalt)

Kommentar: Teke omsyn til, ved at det ligg til grunn for planarbeidet. Ein del innspel knyter seg til verdien av vasskraft; det kan vere i høve til klimaproblemet, næringsutvikling, busetnad, mv. Dette er i utgangspunkt tema som planen ikkje skal kartlegge, då planen sitt hovudfokus skal vere å dokumentere kor det finnast andre store verdiar som kan bli negativt påverka (positive effektar av kraftutbygging vert omtala av utbyggarane, i det enkelte tilfelle).

Det vil likevel vere tenleg å omtale slike verdiar, generelt, i bakgrunn/innleiing til planen, sidan vi her bør syne korleis planen er avgrensa og kva som er bakgrunnen for planen (m.a. ynskje om ny fornybar energi). I ein slik omtale, eller eventuelt som vedlegg til planen, kan det bli aktuelt å gje opplysningar om verkty som kan brukast, av kommunane (og ev. andre), til å fremje slike omsyn. Det kan dreie seg om lovar, reglar, planar, dømer på praksis, mv.

27) Lokale verneverdiar må ikkje hindre samfunnøkonomisk god forvaltning

Kommentar: Sjå merknad nr. 11) og 13).

28) Planen må ikkje leggje band på areal

Kommentar: Teke omsyn til. Planen vil vere retningsgjevande. Den skal ikkje brukast verken til å legge ut nye "verneområde" eller "utbyggingsområde" for vasskraft.

29) Forsiktig utnytting av vasskraft er ofte lite i konflikt med vern (everdi)

Kommentar: Kor stort konfliktnivå det er i ulike område vert ikkje omtalt i planprogrammet, men vil bli drøfta i samband med utarbeiding av retningslinjer (når vi har fått laga ei systematisk oversikt over kunnskap for alle dei fagtema som planen skal omtale, jamfør kap. 7 i planprogrammet). Sjå elles merknad nr. 11).

30) Målet for planen bør vere ei meir effektiv og raskare sakshandsaming enn i dag

Kommentar: Sjå merknad nr. 1) og 13).

31) Planen må opne for; at konsesjon kan gjevast etter forenkla sakshandsaming i nokre område, og sjablongmessig sakshandsaming for område med låg konfliktgrad

Kommentar: Sjå merknad nr. 13) og 15).

32) Rår til minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, i sommarhalvåret

Kommentar: Sjå merknad nr. 13).

33) Ynskjer redusert krav til utgreiing av biologisk mangfald for anlegg under 5,5 MW

Kommentar: Sjå merknad nr. 13).

34) Må opne for meir liberal praksis for nytting av sideelvar i verna vassdrag

Kommentar: Sjå merknad nr. 11).

Fikseridirektoratet, 17.03.2008:

35) Føreset at det, ved utbygging av større vasskraftverk med utløp til sjø, vert utarbeidd konsekvensvurderingar for fiskeri- og akvakulturinteressene

Kommentar: Sjå merknad nr. 13).

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 20.03.2008:

36) Meiner det er på høg tid at det vert laga ein plan som skaffar betre oversikt over naturverdiar og grunnlag for konsesjonshandsaming

Kommentar: Teke til vitande

37) Krev at handsaming vert lagt på is til dess plan ligg føre

Kommentar: Ikkje aktuell problemstilling i høve planprogrammet (fylkeskommunen har ikkje mynde til dette, men kan i enkeltsaker, til liks med kommunane, be om utsetjing viss vi etter ei konkret vurdering finn at ei bit-for-bit utbygging kan medføre uheldige sumverknader. Det er NVE som har mynde til å avgjere eventuell utsetjing)

38) Aktuelle delområde kan vere ytre, midtre og indre fjordstrøk
Kommentar: Sjå merknad nr. 15).

39) Kan vere aktuelt å skilje mellom tett, mindre tett og tynt folkesette område (p.g.a. friluftslivsinteressene)
Kommentar: Sjå merknad nr. 15).

40) Må gjere alt for å skaffe informasjon der det manglar
Kommentar: I planarbeidet er det ikkje tid eller ressursar til å setje i verk større kartleggingsprosjekt, så i hovudsak lyt vi nytte eksisterande og ålment tilgjengeleg informasjon, konferer kap. 7 i planprogrammet.

41) Må ha oversikt over utbygd vasskraft
Kommentar: Teke omsyn til

42) Siktemål om å ta vare på det som er att
Kommentar: Sjå merknad nr. 1) og 13).

43) Det viktigaste må vere å få fram kor det er størst konfliktpotensial og kor eventuell konsesjonshandsaming føreset grundigare undersøkingar
Kommentar: Teke omsyn til, sjå elles merknad nr. 1), 13) og 29).

44) Mange kraftverk i same område er ofte problematisk (sumeffektar)
Kommentar: Teke omsyn til. Sumeffektar er omtala i planprogrammet (kap. 7) og vil bli drøfta i planen.

45) Skilje ut område der verdiane er så store at utbygging er uaktuelt
Kommentar: Planen vil berre vere retningsgjevande (ikkje bindande for NVE som har mynde til å gje konsesjon i vasskraftsaker), men fylkeskommunen kan gje signal om kva politikk ein ynskjer, jamfør merknad nr. 13), konferer elles merknad nr. 15) og 28).

46) Ynskjer å vere med i referansegruppe
Kommentar: Teke omsyn til

Småkraft AS, 24.03.2008:

47) Viktig at kommunar og utbyggingsaktørar får ei sentral rolle, for å sikre at næringsmessige verdiar og ringverknader vert lagt vekt på
Kommentar: Teke omsyn til

48) Ynskjer å delta i referansegruppe
Kommentar: Teke omsyn til

49) Må ikkje verte ei oppsummering av tenkjelege og utenkjelege ulemper av vasskraft
Kommentar: Teke til orientering. Tema som skal omtalast i planen går elles fram av kap. 4 og 7 i planprogrammet.

50) Fokus må vere å avvege næringsmessige fordelar mot miljømessige ulemper (jamfør NVE si handsaming)
Kommentar: Teke omsyn til

51) *Kommunale planar (som i Luster, Sogndal og Lærdal) er best eigna til å vurdere sumverknader, og lokale planar må innarbeidast i fdp'en*

Kommentar: Luster, Sogndal og Lærdal sine planar for småkraftutbygging vil, saman med eige arbeid, danne grunnlaget for eventuelle retningslinjer for desse områda. Sjå elles merknad nr. 13) og 15).

52) *Konsesjonssøknader kan ikkje setjast på vent, i påvente av plan*

Kommentar: Sjå merknad 37).

53) *NVE si ressurskartlegging viser eit urealistisk høgt potensial for småkraftverk, dette kan føre til ugrunna krisemaksimering (i høve til sumverknader) viss det blir lagt til grunn for planarbeidet*

Kommentar: Sjå merknad 17).

54) *I høve tema reiseliv vert det vist til at kombinasjon av gardsdrift og småkraft kan vere viktig for stell av kulturlandskap og satsing på reiseliv (lokalt)*

Kommentar: Teke til orientering.

55) *Inviterer, prosjektgruppa og referansegruppe, til synfaring av Alsåker kraftverk, i Hardanger, for å vise positiv samverknad mellom reiseliv og kraftutbygging*

Kommentar: Teke til orientering.

Sogn og Fjordane turlag, 24.03.2008:

56) *Viser til at den mest omfattande vasskraftutbygginga (i Sogn og Fjordane), nokon gang, går føre seg no*

Kommentar: Teke til orientering.

57) *Sjølv om mange av dei små utbyggingane er lite kontroversielle, så er det også nokre som er svært kontroversielle, mellom anna der det er snakk om utbygging av "turistfossar" og andre elvestrekningar som står fram som viktige landskapselement*

Kommentar: Teke til orientering. Konferer merknad nr. 29) og kap. 7 i planprogrammet.

58) *Viser til at sumverknader er eit reelt problem allereie i dag, på dei stadane det er gjennomført/gjeve løyve til mange utbyggingar, mellom anna rundt Jølstravatnet*

Kommentar: Teke til orientering. Sjå elles merknad nr. 44).

59) *Peikar også på at summen av inngrep i form av vasskraftverk, vindkraftanlegg og kraftliner kan truge turist- og busetnadsgrunnlaget i fylket, sidan mange søker seg til fylket nettopp på grunn av naturen og friluftstilbodet*

Kommentar: Teke til orientering.

60) *Noko av det viktigaste vert å skaffe oversyn over kva vassdragsnatur vi har og kva som alt er utbygd, spesielt viktig å kartleggje turistfossar, med tanke på å gjere seg opp ei meinig om kva vi kan tillate oss å byggje ut*

Kommentar: Teke omsyn til, jamfør kap. 4 og 7. i planprogrammet.

61) *Turistfossar og andre elvestrekningar som er viktige landskapselement bør verte dokumenterte med foto og kort tekst*

Kommentar: Teke omsyn til, jamfør tema "landskap" i planprogrammet, kap. 7.

62) Turlaget er positive til å hjelpe til med foto (av fossar mv.), og opplysningar om turruter/stiar

Kommentar: Teke til vitande

63) Planen må ta omsyn til alle inngrep som følg av vasskraftutbygging

Kommentar: Sjå merknad 49).

64) Under tema landskap må alle viktige vegar vere med i vurderinga

Kommentar: Ikkje avgjort kva område vi skal hente inn ny kunnskap for under tema landskap, men det er nemnt at område langs viktige ferdselsårer kan vere aktuelle (sjå planprogrammet kap. 7).

65) Er nøgd med det som står om tema "eksisterande utbygging", dette er svært viktig med tanke på å unngå uheldige sumverknader

Kommentar: Tema er med i vedteke planprogram.

66) Nemner elvemusling som ein raudliste-art som må takast vare på

Kommentar: Teke til orientering.

67) Peikar på at inngrepsfrie naturområde er sterkt utsett for "bit-for-bit-reduksjon"

Kommentar: Teke til orientering.

68) Vassdragsnaturen er ofte viktig for naturopplevinga til friluftsfolk, og både enkeltutbyggingar og sumverknader kan vere konfliktfylte

Kommentar: Teke til orientering.

69) Turkart kan vere eit godt underlagsmateriale for tema "friluftsliv"

Kommentar: Turkart er nemnt som aktuelt underlagsmateriale i planprogrammet.

70) Under tema "reiseliv" er det viktig også å kartlegge turistane sin passive bruk av naturen, frå bil-, båt- og togvindaug.

Kommentar: Er opna for slik tilnærming i planprogrammet, jamfør tema "reiseliv" og "landskap", kap. 7.

BKK produksjon AS, 14.03.2008:

71) Meiner det er naudsynt at planen legg til rette for næringsutvikling gjennom å peike på behov for nettsterking, i område med pressa kapasitet, slik som t.d. i Høyanger og Gulen (sørom Sognefjorden)

Kommentar: Sjå merknad 7).

Flora kommune, 31.03.2008:

72) Sumverknader over mindre område gjer at det ikkje er tenleg å peike på utbyggingsområde

Kommentar: Teke omsyn til. Planen skal ikkje peike på utbyggingsområde. Sjå merknad nr. 28) og 44).

73) Det viktigaste er å konkretisere verdiar som utbygging kan råke og gje retningslinjer for korleis enkeltsøknader kan handsamast

Kommentar: Delvis teke omsyn til (sjå kap. 4 og 7 i planprogrammet). Vedkomande bruk av retningsliner sjå merknad nr. 13).

74) Lokale verdiar bør takast med i planen, ved å samle opplysningar om prioriteringar i kommunale planar (arealdelen til kommuneplanen)

Det vil bli aktuelt å ta med opplysningar om kommunale planar, for eksempel vassbruksplanar. Arealdelen til kommuneplanane kan også ha informasjon om verdiar for tema som fylkesdelplanen omfattar. Fylkesdelplanen med tema knytt til vasskraftutbygging vil gje retningsliner for korleis regionale og nasjonale verdiar skal takast i vare. Vi legg til grunn at lokale verdiar vert tekne vare på gjennom kommunale planar.

75) Linjekapasitet et eit aktuelt tema for planen.

Kommentar: Sjå merknad 7).

76) Behov for å sjå potensial for kraftutbygging, linjekapasitet og miljøverdiar i samanheng og rette innsatsen slik at nett- og kraftutbygging løyser ut mest muleg kraft til lågast muleg miljøkostnad.

Kommentar: Sjå merknad 7).

77) Deltek gjerne i referansegruppa

Kommentar: Teke omsyn til

Stryn kommune, 25.03.2008:

78) Delmål om forenkla og raskare handsaming av nye søknader

Kommentar: Sjå merknad nr. 1) og 13).

79) Viser til kommuneplanen, der dei peikar på vassdrag som dei ynskjer at utbygging vert vurdert

Kommentar: Teke til vitande

80) Viser til kommunedelplanar for verna vassdrag

Kommentar: Teke til vitande

81) I Stryn ligg det føre eit omfattande registreringsmateriale av verdi for planarbeidet (t.d. landskapskartlegging, biologisk mangfald og bygningsmiljø)

Kommentar: Teke til vitande

82) Meiner det bør setjast inn større ressursar i handsaming av utbyggingssøknader

Kommentar: Fylkeskommunen kan ikkje instruere NVE, kan eventuelt gje signal til sentrale styresmakter, gjennom retningslinene. Konferer merknad nr. 13).

83) Vil gje innspel også seinare i prosessen

Kommentar: Teke til vitande

Jølster kommune, 02.04.2008

84) Tykkjer det er tenleg å dele fylket i ytre, midtre og indre strok

Kommentar: Sjå merknad nr. 15).

85) Aktuelt også å bruke grad av infrastruktur som kriterium for inndeling

Kommentar: Sjå merknad nr. 15).

86) Interesse for å vere med i referansegruppe

Kommentar: Teke omsyn til

87) Ynskjeleg å definere geografiske delområde som skil mellom område med lokal verdi og område med nasjonal og regional verdi

Kommentar: Sjå merknad nr. 15).

88) Ta med potensial for kraftutbygging i heile fylket

Kommentar: Sjå merknad nr. 17).

89) Bør vise kva område det ikkje er aktuelt med utbygging

Kommentar: Sjå merknad nr. 45).

90) Kan vere naturleg at planen omfattar nettspørsmål

Kommentar: Sjå merknad nr. 7)